

Kveldstur

...no som skumringa fell...

Kong sol med rosa kinn, du dagens dyrebare mynt,
du rører ved meg, og huda mi blir ei hornhinne,
ryggsøyla mi ein synsnerve, og kroppen min skjelv
halvt blenda av gullstraumen du tømmer
over denne sjøen og byen, og eg er blinda.

Her stod det ein gong rader – eg veit dei står ennå –
av hus og gater som høyrdet til ein annan by,
ikkje denne som du har omskapt heilt og fullt.

Vi går langs sjøsida. Natt-
fiskarane sine båtar er klare til å gå ut,
motorar dunkar, oljelampar i baugen,
og heile byen er ute og promenerer,
kjærastar arm i arm, spradande unge menn,
mødrer og fedrar, born som et iskrem,
gamlingar som glanar frå bord på fortauskaféar,
og dei mørknande åsane kjem nærare, lik venlege dyr.

Herlege kveldsglør på himmelen, dryssa på bakke og bukt,
armen din streifer min no, liksom tilfeldig,
lik berøringa av denne unge kvinna som går ved sida av meg
med runde hofter, korte steg og svingande gange,
hårprakt stroke bakover, mjuk hals og skuldrar
bronsefarga av sommaren, og olivenbrune auge som ler.
Eg drikk deg, skimrande lys, som vin, som musikk,
slik forfedrane hennar har drukke deg i tusenvis av år.

By med opne porer, namnet hennar er *Eleftheria*,
og sjølv om dine arr er gråe flekkar i auga hennar,
likevel, i denne timen når lys og lysets tonefall
spelar svakt i andletet hennar som tale eller song,
har ho den eldgamle retten til å gå på desse bryggene
som vaktpost og som formidlar av lyset ditt
når ho samlar det i djupet av pupillane sine,
og hennar rett, den elska fridommen, å trø på deg lik ei danserinne.

Vedunderlege kveld, lys tusenvis av år gamalt,
strupereine songar, vakker som denne kvinna,
korleis kan eg la vere å tilbe den ynden du skaper

av denne byen og folket her, ei form
som lagar skulpturar av alt den rører ved, heile verda?
Eg er blitt slaven din, om ikkje borgaren,
og tørstande etter å drikke deg heilt og fullt, vil eg fylle
kvar ei pore med din stråleglans, som er hennar fridom.

Richard Berengarten

gjendikting / translated by Jostein Sæbøe

interLitQ.org